

1. Record Nr.	UNINA9911044110103321
Autore	Solberg Olav
Titolo	Harpe og sverd. Litteraturhistoriske essay om den norske balladen / Olav Solberg
Pubbl/distr/stampa	[s.l.] : , : Cappelen Damm Forskning, , 2020
ISBN	82-02-69680-1
Descrizione fisica	1 online resource
Lingua di pubblicazione	Tedesco
Formato	Materiale a stampa
Livello bibliografico	Monografia
Sommario/riassunto	Denne boka er ei essaysamling om den norske balladen, men handlar også om balladar (folkeviser) frå andre nordiske land. Mange oppfattar den norske balladen som noko av det norskaste som finst, nærmast eit uttrykk for folkesjela. Men balladesjangeren har europeiske røter, dei går attende til 1200-talet. Denne problemstillinga drøfter forfattaren særleg i det første essayet. I det andre essayet skriv forfattaren om dei norske balladesongarane, kvar dei kom frå, korleis dei levde, kva for tradisjon dei representerte. Det tredje essayet handlar om troll og balladar, og i det fjerde essayet ser forfattaren nærmare på to danske vise-og balladebøker, den såkalla Hundrevisseboka, utgjeven av Anders Sørensen Vedel (1591) og Peder Syvs oppfølgjar Tohundrevisseboka (1695). Det femte essayet handlar om identitet og balladedikting. Eit sentralt spørsmål her er korleis balladediktarane og tradisjonen byggjer opp identiteten til aktørane i balladen. Vidare i det sjette essayet skriv forfattaren om naturmytiske balladar. Det sjuande essayet handlar om ei gruppe viser som lenge vart underkjende av forkinga, skjemteballadane. Her trekker forfattaren fram nokre representative skjemteballadar og skjemteeventyr, desse tekstane blir drøfta på bakgrunn av teoriar om komikk og latter. I siste del av 1700-talet vart dei gamle folkevisene gjenoppdaga av eit nytt litterært publikum, og det vart i mange land dikta kunstballadar som bygde på den gamle tradisjonsdiktinga. I det åttande essayet drøfter forfattaren nokre sentrale kunstballadar frå fleire europeiske land, blant dei viser som

ettertida har forvist til skillingsvisekategorien.
